



NVE er skeptisk til store masse-uttak (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Tor Sigve Sjø, som bur i Sæbøvik men er grunneigar her i bygda, har søkt om å få fjerna 1200 kubikkmeter masse i Uskedalselva. Det aktuelle området ligg nær utløpet og like ovanfor campingplassen. NVE krev konsesjon etter vassressurslova på bakgrunn av skader eller ulemper for allmenne interesser. Det vil truleg ikkje bli gjeve konsesjon.**

Det er masse som har bygd seg opp langs elvebredda som eventuelt skal fjernast. Massane har lagt seg opp som holmar og det vert søkt om å fjerna dei slik at eigedomen vert ført attende til sitt naturlege nivå.

Det har teke til å byggja seg opp vegetasjon på holmane, som skal fjernast på 2-3 år. Det må tas ut masse minst i ein meters djupne for å komma ned til den eksisterande botn. Holmen som no er søkt fjerna har bygt seg opp med en klar kant mot botnen.

NVE meiner masseuttaket er stort og fjerning av ein holme med rik kantvegetasjon vil kunne skade eller være til ulempe for allmenne interesser knytt til biologisk mangfald og landskapsverdi. Konsesjon kan berre gjes hvis fordelane overstig skader eller ulemper for allmenne eller private interesser.

NVE held allereie no fram at ser ingen klare fordelar ved tiltaket og anser det som lite truleg at det blir gjeve løyve etter lova om vassressursar.

Av Ola Matti Mathisen